

Svar på høringsutkastet

I samband med høringsutkast til forskrifter om unntak frå konkurranselova for omsetning av bøker.

Denne kommentaren er frå Haugen Bok i Volda

Haugen Bok er både ein distriktsbokhandel, nettbokhandelen haugenbok.no – og i tillegg ein aktiv bokhandel med postordresal både i Norge og i utlandet.

Vi sender jevnlig ut katalogar for sal av bøker. Katalogane inneheld både faglitteratur, skjønnlitteratur og generell litteratur. I tillegg er vi, og har i mange år, vore aktive med kampanjer for bokverk og leksika.

Totalt selde Haugen Bok i 2004:
208906 stk. bøker fordelt på 26659 titlar.

Av desse titlane selde vi

9580 1 eks av

4526 2 eks av

2682 3 eks. av

Bøker vi selde meir enn 100 eksemplar av var 172 titlar

MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
ARKIVKODE 650
15 MARS 2005
SAKSB. KPA/ANH
SAKSNR. 200404502-39

Vi har ønska ei liberalisering av den noverande bransjeavtalen for å auke konkurransen. Like rabattvilkår for bokhandel og bokklubb har vore vesentleg for oss. Dette har vi sett på som eit insitament for auke det totale salet av skjønnlitteratur, og som igjen er med på å stimulere leselyst og får fleire til å lese bøker. Ynskje om auka lesing er, slik vi har forstått det, også noko alle politikarar står bak.

Om konkurransetilsynets forskrifter skal danne grunnlaget for bokomsetninga i Norge, så er desse forskriftene på svært mange punkt, ei fare som vil få mange negative konsekvensar. Forskriftene vil meir forvirre enn gagne auka sal av bøker. Eit resultat av dette vil bli eit minkande boksal og dermed ei minkande leselyst.

Økonomien både til forfattarar, forlag og bokhandel vil bli betydeleg forverra. Snøballen byrjar å rulle feil veg, i staden for at den skal akselerere, slik statsråd Meyer og også Konkurransetilsynet meiner.

Ein må ha lov til å spørje seg kvifor vi i vårt vesle språksamfunn Norge, skal ha langt meir liberalistiske reglar for fastpris på bøker enn det store land i Europa har.

Desse landa har sett verdien av å ha eit fastprissystem for å verne språket, boka og alle verdikjedene for litteraturen i sitt eige land.

Det er lett å rive ned eit system som er skapt gjennom mange tiår, og som har gjort det mogeleg å kjøpe bøker frå eit særdeles godt utbygd bokhandlarnett. Ein har fått til ein dynamikk mellom forlag, bokhandlarer, forfattarar og lesarar, fordi vi har hatt reglar som alle har forholda seg til og dratt nytte av. Det har gjort Norge til ei litterær stormakt med forfattarar som sel sine bøker over heile verda.

Det er utruleg at ein statsråd kan opphøye seg til å kunne alt om bøker og marknadsføring. Ja, til og med påstå at dette er til det beste for lesarane, samt styrke distriktsbokhandlane, nettbokhandlane og heile verdikjeda. Konkurransetilsynets forslag ynskjer å skape ein

dynamikk i bokbransjen som gjer at tilbodet til lesarane kjem til å bli betre. Eg må atter spørje kva grunnlag, og kva forskning statsråden og Konkurransetilsynet byggjer på, eller er det berre synsing?

I forslaget blir fastprisperioden på skjønn- og generell litteratur begrensa til maksimum 9 månader og uansett utløper den 31. mars påfølgande år. For det første er det feil å hevde at salsperioda for bøker med fast utsalpris skjer vesentleg til jul. Mi erfaring er at dette ikkje stemmer. Bøker generelt har ei langt lengre salsperiode.

At kvar tittel skal ha maksimum 9 mnd. med fastpris vil vere umogeleg å halde kontroll på. Hugs antalet titlar som kjem ut. Kva dato skal gjelde? Er det når boka er ferdig frå trykkeriet, kjem til forlaget, blir oppmeldt i bokdatabasen, eller når den kjem til bokhandel? Det blir kostbart om dette skal gjennomførast, og kven skal så betale for alle kontrollane her? Det må være lov å spørje når ein legg opp til eit så innvikla system.

Det er også gale å meine at ved å flytte fastprisen, som foreslått i bokavtalen, frå 31.mai og tilbake til 31. mars vil gi mindre retur av bøker. Tvert imot, som kremmar og bokhandlar vil eg sjølv sagt få returnert mest mogeleg før fastprisen går ut, og dermed få bøkene kreditert til best mogeleg pris, og ikkje bli liggande att på lager med bøker som har gått ned i verdi. Utvalet av bøker i bokhandel vil bli dårlegare, og i staden for at ein skal auke boksalet på nye bøker, gjer ein faktisk det motsette. Igjen blir bokverdikjeda skadelidande. Det blir større retur til forlaga, og den einaste som vil tene på dette, er transportselskapa.

At bøker i gruppe for høgare utdanning og profesjonsmarkedet skal ha fripris frå 2006, er også negativt. I desse bokgruppene finn vi mange bøker som det blir selt lite av og dermed har særsmå opplag. Utan fastpris på desse titlane vil vi risikere at marginane på desse bøkene blir dårlegare for ein bokhandel. Med dårlegare marginar vil det heller ikkje vere rom for å ha økonomi til å markedsføre desse i katalogar for postordresal. Atter ein gong ser eg det negative, og som medfører mindre sal, som igjen gir færre utgivelser. Med eit dårlegare utval av fagbøker på norsk, opnar vi for sal av bøker innanfor desse segment, frå utenlandske forlag. Kompetansen for å skrive norske fagbøker vil bli redusert. Dette vil også skade det norske forskingsmiljø - og ikkje minst tilgjengelegheita av fagbøker på vårt eige språk. Er det då hensiktsmessig å gå bort frå den ordninga som den nye bokavtalen foreslår?

Å definere ei billigbok/pocketutgåve av ei tidlegare utgitt bok som ei gamal bok, og dermed plassere denne bort frå fastprissystemet, er ulogisk. Det er ein definisjon som aldri tidlegare har vore praktisert. Det er godt med nye tankar, men er dei urimelege, er det viktig å seie frå. Dette kan også bli til skade og kan føre til færre billigbok/pocketbok-utgivelser i framtida. Då vil billigbok/pocketbokmarkedet bli dominert av kiosklitteratur (som for all del også er ein viktig litteratur). Kiosklitteraturen kjem som regel berre i billigbok/pocketbokutgåve og vil altså ha fastpris. Men når dei andre billigbok/pocketbøkene som har vore i ei anna utgåve tidlegare, skal ha fri pris, så verkar dette særsmå ulogisk for meg.

Eit anna moment er også at ved fripris vil billigbok/pocketbøker bli tatt ut av litteraturabonnemets-ordninga i bokavtalen. Mangfaldet av billigbøker blir langt mindre i distriktbokhandelen. I dag sender vi bøker bestilt på nettbokhandelen fraktfritt i Norge, men med fripris på billigbok/pocketbok-utgivelser vil vi måtte ta porto på alle desse, og billigbok/pocketbøkene vil bli dyrare ved den ordninga konkurransetilsynet legg opp til, enn den nye bokavtalen gjer.

For bokhandelen som kulturformidlar vil ein reduksjon av den breidda vi i dag har av billigbok/pocketbøker bli svært negativt. Billigbøker er for det første ein viktig døråpnar til litteratur for ungdom og studentar. For mange er desse billig/pocketbøkene den første boka dei kjøper, og kanskje det første møte med ein forfattar eller ein genre dei seinare vil kjøpe fleire bøker av.

Gledeleg er det at ein ynskjer å behalde fastprisen på leksika og bokverk, og at denne ikkje er tidsbegrensa. Eg ynskjer å understreke kor viktig dette er.

Haugen Bok har i år satsa rundt kr. 580.000,- for å marknadsføre Store Norske leksikon. Utan at vi ved lansering var garantert fastpris på verket i utgivelsesperioda og etter at verket er komplett, ville vi ikkje ha satsa det vi har gjort i marknadsføring. Ei slik satsing veit ein på førehand aldri korleis det går med, men vi lykkast og har selt meir enn 600 sett av dette verket. Ein viktig faktor er også at 98 % av dei som har kjøpt verket, ynskjer avbetaling utan at det kostar noko ekstra. I eit friprismarked ville det bli ulik pris for kontant og avbetaling. Dette vil gi dei med god økonomi eit fortrinn ved kjøp. Dersom det var fri pris på leksikon og bokverk, vil mest truleg dei som ikkje har råd til å kjøpe kontant, vegre seg å kjøpe grunna ein langt høgare pris ved avbetaling.


Det er særst viktig at bokhandelen også kan selge slike verk, noko som også forlaga kan gjere. Med andre ord - ein fripris i denne gruppa vil gjere det umogeleg med slike utgivelsar. Eg har marknadsført bokverk i Norge i 30 år, og burde vite kva eg snakkar om, sann mine ord. Eg understrekar at ein må ha ein lengre fastprisperiode for slike utgivelsar, og viser atter ein gong til det forslag som ligg i bokavtalen, og som vil sikre slike utgivelsar i framtida.

Det er mitt håp at både konkurransetilsynet og statsrådene vil lytte til mine argument. Trass i alt så har vi felles interesser, og det er å auke boksalet og skape fleire lesarar. Den som les bøker, vil alltid ha eit forsprang. La oss også hjelpe desse slik at boka lett er tilgjengleg, og at utvalet er stort og variert. Dersom dei innvendingar eg har kome med vil bli tatt til fylgje, er eg viss på det. Eg har jobba med bøker i meir enn 40 år frå bygda Volda. Gjennom våre kanalar sel vi i snitt bøker for kr. 220.000,- pr dag. Eg burde kunne litt om sal og marknadsføring. Ein ting er eg viss på - at blir reglane slik konkuransetilsynet ynskjer, kjem vi aldri til å klare dagens omsetning, og det vil ikkje berre gjelde Haugen Bok i Volda.

Til slutt vil eg påpeike overfor konkurransetilsynet at samtlege studentbokhandlarar har fri stasjon. Det vil seie at dei ikkje betalar husleige for dei lokala dei disponerer ved Universitet og Høgskular. Dette er frå staten si side ei subsidiering av desse bokhandlane i forhold til andre bokhandlarar. Dette er klart konkurransevridande. Eg håper at Konkurransetilsynet utifrå konkurranse situasjonen i bransjen også vil sjå på denne delen av bokbransjen og vurdere om det er rett at studentbokhandlarar skal ha gratis husleige.

Dersom statsrådene følgjer Konkurransetilsynets forslag, blir det ikkje noko att av ein framtidig kulturbokhandel. Ein kulturbokhandel som skal vere med på å auke leselysta, gje rom for stor bredde i norsk forfattarskap, noko som igjen gir levedyktige forlag og bokhandlarar.

Harald Haugen
Haugen Bok



Volda, 11. mars 2005

Vedlegg: Liste over alle titlar selde frå 1. januar til 31. desember 2004